

## KONJUNKSJONAR

1

**Bind saman ord og setningar med og.**

Han har ei hytte. Han har ein båt.

Han har ei hytte og ein båt

Ho har ein katt. Han har ein hund.

Ho har ein katt, og han har ein hund.

Han liker å vere ute. Han går ofte på tur.

Han liker å vere ute og går ofte på tur.

Eg må kjøpe brød. Eg må kjøpe mjølk. Eg må kjøpe frukt.

Eg må kjøpe brød, mjølk og frukt.

Vi liker å gå på ski. Vi liker å gå på skøyter. Vi liker å ake.

Vi liker å gå på ski og på skøyter, og vi liker å ake.

Eg skal til Oslo på onsdag. Eg skal til Bergen på torsdag.

Eg skal til Oslo på onsdag og til Bergen på torsdag.

2

**Set inn ein konjunksjon som passar.**

Vil du ha kaffi eller te?

Kva for ein genser vil du ha? Den grønne eller den raude genseren?

Carmen liker ikkje vinteren i Noreg, men ho gler seg til våren.

Du eller eg må gå på butikken. Vi manglar brød.

Eg er lærar i fransk, men ikkje i engelsk og spansk.

### 3

**Bruk *både* – *og* eller *verken* – *eller* til å binde saman setningane.**

Luisa er frå Cuba. Leo er frå Cuba.

Både Luisa og Leo er frå Cuba.

Carmen liker ikkje å fly. Arne liker ikkje å fly.

Verken Carmen eller Arne liker å fly

Eg må kjøpe ei grammatikkbok. Eg må kjøpe ei nynorsk ordbok.

Eg må kjøpe både ei grammatikkbok og ei nynorsk ordbok.

Leo vil ikkje ta tran. Leo vil ikkje ta vitamin.

Leo vil verken ta tran eller vitamin.

Vi har ikkje katt. Vi har ikkje hund.

Vi har verken katt eller hund.

Han har hytte. Han har båt.

Han har både hytte og båt.

Ho liker ikkje regn. Ho liker ikkje snø.

Ho liker verken regn eller snø.

### 4

**Bind saman setningane. Vel mellom konjunksjonane *og* eller *men*.**

Leo et gjerne ris og kjøt. Han et ikkje fisk.

Leo et gjerne ris og kjøt, men han et ikkje fisk.

Carmen liker å danse. Ho dansar ofte med Arne.

Carmen liker å danse, og ho dansar ofte med Arne.

Arne liker å køyre bil. Han liker ikkje å fly.

Arne liker å køyre bil, men han liker ikkje å fly.

Dei trivst godt i Noreg. Dei synest det er dyrt å bu her.

Dei trivst godt i Noreg, men dei synest det er dyrt å bu her.

Ho liker sol og varme. Ho dreg ofte til Spania.

Ho liker sol og varme, og ho dreg ofte til Spania

Carmen vil gjerne ha fisk til middag. Det vil ikkje Leo.

Carmen vil gjerne ha fisk til middag, men det vil ikkje Leo.

## 5

### **Knyt saman setningane med *for* eller *så*.**

Ho kjøper ein kald brus. Ho er tørst.

Ho kjøper ein kald brus, for ho er tørst.

Han er flink til å spele fotball. Han vart invitert til å vere med på laget.

Han er flink til å spele fotball, så han vart invitert til å vere med på laget.

Arne tek på seg regnklede. Han vil ikkje bli våt.

Arne tek på seg regnklede, for han vil ikkje bli våt.

Luisa vil ikkje bli våt. Ho tek på seg regnklede.

Luisa vil ikkje bli våt, så ho tek på seg regnklede.

Leo er ikkje redd for å bli våt. Han tek ikkje på seg regnklede.

Leo er ikkje redd for å bli våt, så han tek ikkje på seg regnklede.